

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
072/2014	Formannskapet i Radøy	PS	14.10.2014
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	14/1528	14/10722

### Søknad om støtte til kunstgrasbane i Hordabø idrettspark

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gjev avslag på søknaden frå Hordabø idrettslag om tilskot til bygging av kunstgrasbane på Hordabø idrettspark.

#### Saksopplysingar:

Hordabø idrettslag søker Radøy kommune om 950.000 kroner til etablering av ei 11-ar kunstgrasbane i Hordabø idrettspark.

Hordabø idrettspark, som Hordabø idrettslag eig, består av ei grusbane, ei grasbane, eit klubbhus med garderobe og ein innandørs idrettshall. På dette anlegget har dei tilbod mellom anna innan aldersbestemt fotball, fotball for damer og herrar, basketball, treningsgrupper for damer og old boys og open hall for barnehageborn. Hallen vert i tillegg brukt til aktivitetar i pensjonistlaget. Hordabø idrettslag opplyser at kapasiteten i Hordabøhallen er sprengt kvar ettermiddag haust, vinter og vår, og meiner at ei krøllgrasbane vil gjera at fotballaga kan trenast ute året rundt og dermed frigjera halltid til andre aktivitetar. Hordabø idrettslag planlegg også eit flomlysanlegg for å få eit meir tenleg annlegg.

Kunstgrasbane med lysanlegg på Hordabø idrettspark ligg på sjetteplass på Radøy kommune si prioriteringsliste for utbygging av idrettsanlegg.

Radøy idrettsråd hadde søknaden til uttale i møte 22. september 2014. Idrettsrådet gjorde følgjande vedtak: «*Radøy idrettsråd støttar søknaden frå Hordabø idrettslag om støtte frå Radøy kommune til kunstgrasbane i Hordabø idrettspark.*»

Idrettslaget fekk i 2013 dispensasjon til å byggja ny kunstgrasbane. Seinare har dei fått prosjektert anlegget, utarbeida kostnadsoverslag og finansieringsplanar. Kostnadsoverslaget stipulerer totalprisen til 6.938.047 kroner. Av dette er 6.570.047 kostnader som gjev rett til tilskot (spelemidlar). Anlegget er tenkt finansiert gjennom spelemidlar, dugnadsinnsats, egne midlar, gåvebrev, lån og diverse tilskot. For detaljar om kostnadsoverslag og finansieringsplan, sjå vedlagte

kostnadsoverslag og finansieringsplan.

### **Vurdering**

Rådmannen meiner at prosjektet til Hordabø idrettslag om å få kunstgrasbane i Hordabø idrettspark er godt. Som nemnd er annlegget med på kommunen si prioriteringsliste for utbygging av anlegg og søknaden vert støtta av Radøy idrettsråd.

Hordabø idrettslag er er aktivt lag med mange ulike aktivitetar, og idrettsparken fungerer såleis også som ein sosial samlingsstad for bygda. Ikkje minst har idrettslaget vore flinke til å integrera personar frå andre land som er busette i bygda, og gjeve dei eit aktivitetstilbod og ein møtestad. Rådmannen ser at kapasitetsproblema i hallen kunne vore mindre med ei kunstgrasbane som kan brukast store delar av året.

Radøy kommune har tidlegare gjeve store tilskot til idrettsbaner. Hordabø idrettslag fekk eit tilskot på 1.000.000 til grus- og grasbane på Bø i 1996 og 1999, Radøy idrettslag fekk tilskot på 660.000 kroner til utviding/rehabilitering av grasbana på Sletta i 1999 og Manger idrettslag fekk eit tilskot på 960.000 til legging av krøllgrasbane med nytt lysanlegg i Grønålen i 1999 og 2000. Praksis på denne tida var at kommunen gav eit tilskot tilsvarande spelemidlar. Seinare har Hordabø idrettslag for 770.000 kroner i tilskot til oppføring av Hordabøhallen og 1,5 millionar i garanti for eit lån.

Radøy idrettslag har fått lagt kunstgras på fotballbana i Austmarka. Dette tiltaket vart støtta av Trond Mohn og det er også søkt spelemidlar. Radøy idrettslag søkte ikkje kommunen om kommunalt tilskot til dette prosjektet, men kommunen forskottert for mva for anlegget for 2013 og 2014.

Som nemnd vil Hordabø idrettslag søkja spelemidlar for kunstgrasbana. Det er ikkje krav om kommunal eigendel for å få tildelt spelemidlar.

### **Konklusjon**

Gode idrettsanlegg er positivt for folkehelsa og viktige samlingsstader for lokalsamfunna. Det er likevel slik at tilskot til utbygging av idrettsanlegg konkurrerer med store investeringsbehov innan lovpålagde område i Radøy kommune. Rådmannen ser difor ikkje at det er rom for å gje tilskot til kunstgrasbane i Hordabø idrettspark.

### **Formannskapet i Radøy - 072/2014**

#### **FS - handsaming:**

I drøftinga i formannskapet kom det fram ein positiv vilje til å gje tilskot til kunstgrasbane i Hordabø idrettspark. Det vart lagt fram eit fellesforslag i møtet om å utsetja saka og få utgreidd spørsmål knytt til mogleg kommunal medverknad over investeringsbudsjettet på 2014-budsjettet og bruk av driftsmidlar.

Formannskapet vil ha saka til handsaming på neste møte.

Eit fellesframlegg om å utsetja saka til neste møte i formannskapet, vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

Saka vert utsett og lagt fram på neste møte i formannskapet.

**Vedlegg:**

Kunstgrasbane i Hordabø idrettspark - søknad om midlar

Kostnader

Kostnadsoverslag

Uttale Radøy idrettsråd